



Vaksdal kommune

MØTEINNKALLING VALSTYRET

Møtedato: 15.05.2017
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: Rett i etterkant av formannskapsmøtet

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast på [møteportalen](#) eller til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

SAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
11/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
12/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
13/2017	STORTINGSVALET 2017 - VAL AV RØYSTESTYREMEDLEMMER

5. mai 2017

Eirik Haga
Leiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
11/2017	Valstyret	PS	15.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/590

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
12/2017	Valstyret	PS	15.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 033	17/590

GODKJENNING AV MØTEBOK

Vedlegg:

Protokoll - Valstyret - 03.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.



MØTEPROTOKOLL VALSTYRET

Møtedato: 03.04.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 18:30 - 19:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Eirik Haga	AP	Utvalsleiar
Sigmund Simmenes	SP	Nestleiar
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Heidi Rongved	AP	Magne Hestad

Andre møtande:
Sølvi Legård

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
04/2017	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
05/2017	GODKJENNING AV MØTEBOK
06/2017	STORTINGSVALET 2017 - DELEGERING AV MYNDE FRÅ VALSTYRET
07/2017	STORTINGSVALET 2017 - UTLEGGING AV MANN TAL TIL OFFENTLEG ETTERSYN
08/2017	STORTINGSVALET 2017 - FASTSETJING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING
09/2017	STORTINGSVALET 2017 - TID OG STAD FOR RØYSTING PÅ VALTING
10/2017	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR



04/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 04/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

05/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 05/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

06/2017: STORTINGSVALET 2017 - DELEGERING AV MYNDE FRÅ VALSTYRET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og 1 medlem som valstyret peikar ut) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.



Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Valstyret peika ut nestleiar, i tillegg til leiar og sekretær, i arbeidsutvalet.

VAL - sak 06/2017 Vedtak:

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 2 medlemmer (leiar og nestleiar) + sekretæren i valstyret som kan ta avgjerd i enkeltsaker og saker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

07/2017: STORTINGSVALET 2017 - UTLEGGING AV MANNTAL TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Hovudmantalet vert å leggja ut til offentleg ettersyn på følgjande stader:

- Innbyggjarservice i heradshuset
- Vaksdal folkebibliotek; hovudbiblioteket og filial Vaksdal

Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 07/2017 Vedtak:

Hovudmantalet vert å leggja ut til offentleg ettersyn på følgjande stader:

- Innbyggjarservice i heradshuset
- Vaksdal folkebibliotek; hovudbiblioteket og filial Vaksdal

08/2017: STORTINGSVALET 2017 - FASTSETJING AV TID OG STAD FOR FØREHANDSRØYSTING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting slik:



Vaksdal kommune

Ordinær førehandsrøysting frå 10. august:

Ved Innbyggjarservice i heradshuset i ordinære opningstider – kl 0800–1500

Langope siste veka før valdagen: tysdag-torsdag til kl 1900, fredag til kl 1700

I tillegg vert det lagt til rette for førehandsrøysting ved Stanghelle skule, Stamnes skule, Dagsenter Sveabrekko og Eksingedalen skule.

Leiar og sekretær i valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunkta for førehandsrøystinga i samråd med røystestadane.

Førehandsrøysting på institusjon:

Daletunet omsorgssenter tirsdag 05.09. kl 1000–1200

Vaksdal sjukeheim onsdag 06.09. kl 1000–1200

Tidspunkta må avklarast nærare med einingsleiar.

Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til tysdag 05.09. kl. 1200.

Røystemottakarar:

Alle tilsette i stab, bakvakter på Innbyggjarservice og merkantilt personale på sjukeheimane vert oppnemnde som røystemottakarar ved førehandsrøystinga, i tillegg til sekretæren i valstyret.

Dersom det er behov for å oppnemna fleire røystemottakarar, får leiar i valstyret fullmakt til dette.

Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Det vart gjort merksam på at Innbyggjarservice har ope til kl 1400 på fredagar.

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 08/2017 Vedtak:

Det vert lagt til rette for førehandsrøysting slik:

Ordinær førehandsrøysting frå 10. august:

Ved Innbyggjarservice i heradshuset i ordinære opningstider – kl 0800–1500 mandag-torsdag og 0800-1400 fredag.

Langope siste veka før valdagen: tysdag-torsdag til kl 1900, fredag til kl 1700

I tillegg vert det lagt til rette for førehandsrøysting ved Stanghelle skule, Stamnes skule, Dagsenter Sveabrekko og Eksingedalen skule.

Leiar og sekretær i valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunkta for førehandsrøystinga i samråd med røystestadane.

Førehandsrøysting på institusjon:

Daletunet omsorgssenter tirsdag 05.09. kl 1000–1200

Vaksdal sjukeheim onsdag 06.09. kl 1000–1200

Tidspunkta må avklarast nærare med einingsleiar.



Vaksdal kommune

Ambulerande røysting:

Frist for å søkja om å få røysta til ambulerande røystemottakar vert sett til tysdag 05.09. kl. 1200.

Røystemottakarar:

Alle tilsette i stab, bakvakter på Innbyggjarservice og merkantilt personale på sjukeheimane vert oppnemnde som røystemottakarar ved førehandsrøystinga, i tillegg til sekretæren i valstyret. Dersom det er behov for å oppnemna fleire røystemottakarar, får leiar i valstyret fullmakt til dette.

09/2017: STORTINGSVALET 2017 - TID OG STAD FOR RØYSTING PÅ VALTING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Røystetider og –stader ved stortingsvalet 2017:

Krinsnr.	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Dale barne- og ungdomsskule	1100 – 2000
02	Vaksdal	Vaksdal samfunnshus	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 2000

Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Valstyret endra opningstida i krins 03 Eidsland til kl 1800.

Samrøystes vedtak.

VAL - sak 09/2017 Vedtak/Tilråding:

Røystetider og –stader ved stortingsvalet 2017:

Krinsnr	Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
01	Dale	Dale barne- og ungdomsskule	1100 – 2000
02	Vaksdal	Vaksdal samfunnshus	1100 – 2000
03	Eidsland	Eidsland grendahus	1100 – 1800



10/2017: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR

Val av røystestyremedlemmer

Det er sendt brev til alle som har tenestegjort som medlem/varamedlem i røystestyra ved siste val/folkerøysting. Svarfristen er 7. april. I tillegg må alle medlemmer/valmedarbeidarar også sjekkast om dei står på valliste for Hordaland; innleveringsfristen for vallistene er 31.03. Røystestyremedlemmene må difor veljast i eit seinare møte.

Det skal veljast eit røystestyre i kvart vallokale på minst 3 medlemmer som er ansvarlege for gjennomføringa av valet. Vaksdal kommune har til no vald alle medlemmene/valmedarbeidarane som røystestyre. Desse må veljast etter reglane i kommunelova, og krav om representasjon frå begge kjønn må vere oppfylt, samt at alle medlemmene må vere manntalsførte i Vaksdal kommune. Dersom ein vel eit røystestyre på t.d. 3 medlemmer i kvar krins og oppnemner valmedarbeidarar i tillegg til desse, treng ein berre ta omsyn til lovkrava for dei 3 røystestyremedlemmene. Ein ber om at valstyret drøftar dette i møtet.

Oppteljingsmåte

Det kan veljast mellom 3 ulike oppteljingsmåtar:

- **Sentralt - samla:** Førebels oppteljing vert gjort hos valstyret sentralt i kommunen. Alle krinsar vert slått saman og talt samla
 - **Sentralt - fordelt på krets:** Førebels oppteljing vert gjort hos valstyret sentralt i kommunen, men kvar krins vert talt separat
 - **Lokalt - fordelt på krets:** Førebels oppteljing vert gjort av røystestyra i kvar krins (i vallokala). Denne måten har vore nytta i Vaksdal kommune sidan folkerøystinga i 2009
- Endelig oppteljing skjer alltid hos valstyret.
Ein ber valstyret drøfta kva oppteljingsmåte ein ønskjer i Vaksdal kommune.

Valstyret 03.04.2017

Behandling:

Oppteljingsmåte:

Valstyret samla seg om å telja lokalt fordelt på krins.

Røystestyremedlemmer:

Valstyret samla seg om å velja 3 røystestyremedlemmer i kvar krins, og at det vert oppnemnd valmedarbeidarar i tillegg. Røystestyremedlemmene/valmedarbeidarane vert valde i neste møte i valstyret.



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
13/2017	Valstyret	PS	15.05.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sølvi Legård	FE - 011	17/350

STORTINGSVALET 2017 - VAL AV RØYSTESTYREMEDLEMMER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Desse vert valde til røystestyremedlemmer/valmedarbeidarar:

01 Dale	02 Vaksdal	03 Eidsland
Røystestyre Terje Geithus, leiar Bente Jorunn H. Sundheim, nestleiar Ragna Lid, medlem	Røystestyre Jill Bru Johansen, leiar Ove Amundsen, nestleiar Gunnhild Boge, medlem	Røystestyre Jahn Olav Nordheim, leiar Åshild E. Lien, nestleiar Rannveig Neset, medlem
Valmedarbeidarar: Ottar Dalseid Georg Helge Dankertsen Birger Johannes Kvamme Thor Andersen Stine Oen Tjønneland Asbjørg Hesjedal Evy Kvamme Åse Eikemo Strømme Marie Brit Bjerke Trine Myklebust Dan Berge Olaug Fagerbakke Per Småbrekke Ragnvald Berge	Valmedarbeidarar: Margit E. Herfindal Edith Pedersen Erstad Odd Arild Faugstad Irving Sæterdal Kjell Åge Kvamme Hanna Berge Albert Larsen Jarle Johnsen Linda Ulveseth Fossmark Kjartan Dale Edvin Hesjedal Evelyn Boge	Valmedarbeidarar: Torleif Lode Siv Nordheim Stig Nordheim Britt Kari Eide Vik Roy Feirud Eldbjørg Gullbrå Liv Edith Lavik Werner Hirth Fenne Lisbeth Gammersvik

Dersom det er behov for det, kan valmedarbeidarane nyttast om kvarandre, dvs. dersom det er problem med for få valmedarbeidarar i eit røystelokale, kan personar frå eit anna lokale nyttast.

Saksopplysningar:

I kvart vallokale skal eit eige røystestyre leie gjennomføringa av valet på valdagen. Røystestyret skal

ha minst 3 medlemmer. Kommunestyret har delegert til valstyret å velje medlemmer samt leiar/nestleiar til røystestyra.

Frå og med stortingsvalet i år er det 3 røystekrinsar i Vaksdal kommune; 01 Dale, 02 Vaksdal og 03 Eidsland.

Reglane i kommunelova om val av nemnder gjeld også for val av røystestyre. Også reglane om kjønnsrepresentasjon. I tillegg må medlemmene i røystestyra vere manntalsførte i kommunen. Det er ikkje eit krav at val av røystestyre skal skje blant personar som bur i vedkomande røystekrins. Til dette valet er det føreslått å velje eit røystestyre på 3 medlemmer i kvar krins og eit antal valmedarbeidarar i tillegg. Dette har ikkje noko praktisk betydning, anna enn at ein ikkje treng ta omsyn til lovkrava for andre enn røystestyremedlemmene. Røystestyret er ansvarlege for gjennomføringa av valet på valdagen, og kallar inn det antalet valmedarbeidarar det er trong for.

Det er sendt brev til alle som har tenestegjort som medlem/varamedlem i røystestyra ved dei siste vala/folkerøystinga.

Følgjande medlemmer har bede seg fritekne: Liv Anne Bergo, Bjørg Dæmring Berge, Astrid Lavik, Terje Davidsen, Roald Brekke, Odd Helland, Ingrid Verpelstad, Mons J. Stamnes, Knut Olsnes, Oddvar Fosse, John van der Veldt, Inger Susanne Leiren, Kari Berge, Åshild Hestad, Reidar Fjellanger, Tordis Hesjedal, Anne Berit Boge Straume.

Kandidatar som er oppført på valliste ved stortingsvalget, kan ikkje oppnemnast til røystemottakar eller valfunksjonær i valglokala i kommunane i vedkomande fylke. Dette er heimla i vallova § 9-3 (4).

Frå vår kommune er 2 kandidatar oppført på vallister til stortingsvalet; Arne Normann, KRF og Odd Jøran Oldervik, SV.